



Gerardo Pentella  
Hjellvikvegen 582  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/568 - 23/12214

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
30.05.2023

## 120/19 Teppstad - Søknad om dispensasjon for bruksendring til restaurant - melding om vedtak

**Tiltak:** Bruksendring av 1. etasje til restaurant  
**Eigedom:** Gbnr: 120/19  
**Tiltakshavar:** Gerardo Pentella  
**Ansvarleg søkjar:** Ing Bleikli

Kommunen syner til dispensasjonssøknad motteken: 16.02.2023 med tillegg motteke 23.03.2023.

Dispensasjonssøknaden er no handsama og det er gjort vedtak i saka:

Sjå vedlagd utskrift frå møteboka – sakspapir.

De vert med dette gjort kjend med vedtaket.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
9.1	Søknad om dispensasjon	17.600,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>	<b>17.600,-</b>

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					17.600,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

120/19 Teppstad - Søknad om dispensasjon for bruksendring til restaurant

#### Mottakarar:

Gerardo Pentella  
Ing Bleikli

Hjellvikvegen 582  
Hamrenesvegen 1133

5281  
5281

VALESTRANDSFOSEN  
VALESTRANDSFOSEN